



Arkivnr: 2017/1320-33

Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik og Elin Molven Wilhelmsen

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Utval for kultur, idrett og regional utvikling		15.11.2017

Den kulturelle spaserstokken - tildelingar 2017

Samandrag

Frå 2014 har fylkeskommunane fått i oppdrag frå Kulturdepartementet å overta handsaming av søknader og fordeling av midlar til Den kulturelle spaserstokken. Dette inneber mellom anna at kommunane skal søkje tilskot direkte frå fylkeskommunen og ikkje frå departementet. Kommunal- og moderniseringsdepartementet tildelar midlar til ordninga som ein del av rammetilskotet til fylkeskommunane.

Føremål med ordninga:

Den kulturelle spaserstokken er ei tilskotsordning for kommunesektoren øymerka kultur for eldre. Målet for Den kulturelle spaserstokken er å leggje til rette for auka samarbeid mellom kultursektoren og omsorgssektoren, slik at gode kunst- og kulturprosjekt for eldre lokalt, vert utvikla innanfor eit mangfald av sjangrar og uttrykk. Tilskot skal hovudsakleg nyttast til profesjonell kunst- og kulturformidling av høg kvalitet, gjerne i samarbeid med kunst- og kulturinstitusjonar, kunstnarar og andre kulturaktørar på lokalt eller regionalt nivå.

Generelt:	
Budsjett 2017:	3 000 000 kroner
Søknadsfrist 2017:	1.september
Vedtak kriteria:	KIRU 18.01.17: PS 6/2017
Kriteria og informasjon om ordninga:	Informasjon på nettsida

2017:	
Tal på søknadar:	29 søknadar
Tal på søknadar som er tilrådd støtte:	28 søknadar
Samla søknadssum:	4 096 800 kroner
Tilrådd fordeling:	3 000 000 kroner

Fylkesrådmannen sine overordna kommentarar til innstillinga:

Det er mange ulike modellar for arbeid med Den kulturelle spaserstokken i kommunane i Hordaland. Dette heng også saman med storleiken på den einskilde kommune og såleis storleiken på løyvinga.

Samla søknadssum i 2016 var 4 873 500 kroner, som viste ei auke på 15 % samanlikna med samla søknadssum i 2015. Innan søknadsfrist 1.september i år var det kome inn 28 søknadar. Kommunane Fitjar, Fusa, Granvin, Jondal og Sveio søkte ikkje ordninga. Samla søknadssum i 2017 på 4 096 800 kroner viser dermed ei nedgang på 16 % samanlikna med samla søknadssum i 2016. Søknadssummane i 2017 varierer frå 10 000 kroner til 1 459 500 kroner.

Økonomi: Tildelinga er i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Hordaland fylkeskommune.

Klima: Fylkesrådmannen kan ikkje sjå at dei omsøkte tiltaka har monaleg klimaavtrykk.

Folkehelse: [Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle](#): Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa.

Regional planstrategi: Tilskotsordninga er eit av verkemidlane for å følgje opp viktige satsingar i Regional kulturplan 2015-2025 PREMISS: KULTUR.

Forslag til vedtak

1. Utval for kultur, idrett og regional utvikling løyver 3 000 000 kroner frå konto 10.400.712.00 Den kulturelle spaserstokken 2016 fordelt slik:

Kommune	Sum
Askøy	107 000
Austevoll	50 500
Austrheim	37 000
Bergen	1 160 000
Bømlo	71 000
Eidfjord	30 000
Etne	54 000
Fedje	13 500
Fjell	100 000
Kvam	133 000
Kvinnherad	120 000
Lindås	102 000
Masfjorden	40 000
Meland	37 000
Modalen	10 000
Odda	114 000
Os	133 000
Osterøy	70 000
Radøy	42 000
Samnanger	40 000
Stord	120 000
Sund	45 000
Tysnes	38 000
Ullensvang	70 000
Ulvik	38 000
Vaksdal	70 000
Voss	125 000
Øygarden	30 000
SUM	3 000 000

2. Følgjande søknad vert avvist:

Søklar	Sum
GOOD VIBES ENTERTAINMENT NORWAY DA	Avvist

Rune Haugsdal
fylkesrådmann

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør kultur og idrett

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.

Fylkesrådmannen, 05.10.2017

Oversyn over tildeling 2016 og søknadssum 2017:

Kommune	Tildelt 2016	Søknadssum 2017
Askøy	92 000	140 000
Austevoll	39 000	55 000
Austrheim	35 000	65 000
Bergen	1 142 000	1 459 500
Bømlo	70 000	90 000
Eidfjord	30 000	30 000
Etne	53 000	85 000
Fedje	14 000	13 500
Fitjar	25 000	-
Fjell	87 000	230 000
Fusa	45 000	-
Granvin	27 000	-
Jondal	25 000	-
Kvam	126 000	220 000
Kvinnherad	117 000	145 000
Lindås	87 000	150 000
Masfjorden	36 000	70 000
Meland	36 000	60 000
Modalen	10 000	10 000
Odda	112 000	180 000
Os	111 000	170 000
Osterøy	68 000	120 000
Radøy	41 000	45 000
Samnanger	35 000	51 000
Stord	116 000	227 800
Sund	40 000	60 000
Sveio	34 000	-
Tysnes	34 000	50 000
Ullensvang	69 000	70 000
Ulvik	37 000	40 000
Vaksdal	62 000	70 000
Voss	120 000	130 000
Øygarden	25 000	30 000
SUM	3 000 000	4 066 800

Kommunane Fitjar, Fusa, Granvin, Jondal og Sveio har ikkje søkt denne ordninga i år og står difor ikkje oppført med søknadssum.

Vurdering av søknadane

Tilskot skal ikkje erstatte kommunale tilskot til eksisterande eller planlagde satsingar eller tiltak som allereie er sikra finansiering. Det blir ikkje gitt tilskot til investeringar, utstyr, administrasjonstiltak, planleggingstiltak eller kompetanseutvikling.

I fordelingsnøkkelen vert 80 % av midlane basert på ei kvantitativ vurdering og 20 % på ei kvalitativ vurdering.

Kvantitativ vurdering:

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen (fordelingsnøkkel på 60%)
2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning (fordelingsnøkkel på 10 %)
3. Areal (fordelingsnøkkel på 10 %)

Kvalitativ vurdering:

- Programinnhald
- Nyskaping
- Utvikling av program
- Samarbeid

Nokre kommunar har søkt ein sum som er mindre enn det dei kunne fått tildelt ut frå kvantitativ utrekning. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum, og denne må difor leggast til grunn for fylkesrådmannen si tilråding.

A. Kvantitativ vurdering

80 % av midlane vert basert på ei kvantitativ vurdering, som er basert på 3 kriteria: 1) Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen, 2) Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning og 3) Areal.

1. Tal på innbyggjarar over 70 år i kommunen

I Hordaland bur det 53 013 personar over 70 år (basert på tall henta frå www.statistikk.igest.no). Desse personane er sjølv målgruppa i ordninga. Kriteriet er difor vektlagt med ein fordelingsnøkkel på 60 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel):

Kommune	Busette over 70 år i kommunen	Prosentandel av eldre (70+) i Hordaland busett i kommunen
Bergen	29 442	51,72 %
Askøy	2 503	4,40 %
Voss	2 178	3,86 %
Stord	1 986	3,49 %
Fjell	1 977	3,47 %
Kvinnherad	1 898	3,33 %
Os	1 894	3,33 %
Lindås	1 731	3,04 %
Kvam	1 309	2,30 %
Bømlo	1 304	2,29 %
Odda	1 146	2,01 %
Osterøy	961	1,69 %
Sund	678	1,19 %
Meland	672	1,18 %
Vaksdal	665	1,17 %
Radøy	609	1,07 %
Ullensvang	582	1,02 %
Sveio	567	1,00 %
Austevoll	567	1,00 %
Etne	550	0,97 %

Fusa	536	0,94 %
Øygarden	502	0,88 %
Tysnes	476	0,84 %
Austrheim	407	0,71 %
Samnanger	323	0,57 %
Fitjar	318	0,56 %
Masfjorden	289	0,51 %
Ulvik	206	0,36 %
Jondal	191	0,34 %
Granvin	161	0,28 %
Eidfjord	145	0,25 %
Fedje	102	0,18 %
Modalen	49	0,09 %

2. Del av innbyggjarar over 70 år i forhold til lokalbefolkning

Kor stor del dei eldre utgjer i forhold til lokalt innbyggjartal er andre kriterium i den kvantitative vurderinga. I tolv kommunar utgjer innbyggjarar over 70 år meir enn 15 % av det lokale innbyggjartalet. Ein ser at i kommunar der denne aldersgruppa utgjer ein større del av lokalbefolkninga samanlikna med andre kommunar, kan oppleve større økonomiske kostnader for å sørge for kunst- og kulturformidling til eldre. Kriteriet er vektlagt med ei fordelingsnøkkel på 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel):

Kommune	Lokalt innbyggjartal	Prosentandel av innbyggjarar over 70 år
Ulvik	1131	18,21 %
Fedje	587	17,38 %
Granvin	933	17,26 %
Jondal	1108	17,24 %
Ullensvang	3377	17,23 %
Masfjorden	1710	16,90 %
Tysnes	2847	16,72 %
Odda	7025	16,31 %
Vaksdal	4123	16,13 %
Eidfjord	921	15,74 %
Kvam	8423	15,54 %
Voss	14514	15,01 %
Kvinnherad	13241	14,33 %
Austrheim	2884	14,11 %
Fusa	3895	13,76 %
Etne	4135	13,30 %
Samnanger	2488	12,98 %
Modalen	383	12,79 %
Osterøy	8026	11,97 %
Radøy	5128	11,88 %
Bømlo	11806	11,05 %
Lindås	15731	11,00 %

Austevoll	5156	11,00 %
Bergen	278556	10,57 %
Stord	18821	10,55 %
Øygarden	4913	10,22 %
Sveio	5656	10,02 %
Fitjar	3189	9,97 %
Sund	7058	9,61 %
Os	20152	9,40 %
Askøy	28821	8,68 %
Meland	8021	8,38 %
Fjell	25204	7,84 %

3. Areal

Hordaland strekker seg over 15 437 km² på fastland og øyer (tall er henta frå www.statistikk.igest.no). 10 kommunar strekker seg over 500 km², og 5 av desse har eit areal på meir enn 1000 km². Ein ser at i dei største kommunane kan det føreliggje større reisekostnader for å sørgje for kunst- og kulturformidling til eldre. Ein ser likevel at dette kriteriet ikkje kan ha ei stor vektlegging då det er mange områder i Hordaland som ikkje er busette. Kommunanes areal er vektlagt med ei fordelingsnøkkel på 10 %.

Oversyn over alle kommunane (i minkande prosentdel):

Kommune	Areal i km2	Prosentandel i forhold til Hordaland
Voss	1 806	11,70 %
Odda	1 616	10,47 %
Eidfjord	1 491	9,66 %
Ullensvang	1 399	9,06 %
Kvinnherad	1 091	7,07 %
Etne	735	4,76 %
Vaksdal	721	4,67 %
Ulvik	715	4,63 %
Kvam	616	3,99 %
Masfjorden	556	3,60 %
Lindås	475	3,08 %
Bergen	465	3,01 %
Modalen	412	2,67 %
Fusa	378	2,45 %
Samnanger	269	1,74 %
Tysnes	255	1,65 %
Osterøy	255	1,65 %
Bømlo	247	1,60 %
Jondal	247	1,60 %
Sveio	246	1,59 %
Granvin	212	1,37 %
Fjell	148	0,96 %
Stord	144	0,93 %

Fitjar	142	0,92 %
Os	140	0,91 %
Austevoll	117	0,76 %
Radøy	111	0,72 %
Sund	101	0,65 %
Askøy	100	0,65 %
Meland	93	0,60 %
Øygarden	67	0,43 %
Austrheim	58	0,38 %
Fedje	9	0,06 %

B. Kvalitativ vurdering

20 % av midlane utgjer ei sum på 600 000 kroner. I tillegg står det att 132 745 kroner som ikkje er fordelt i den kvantitative utrekninga grunna manglande søknad frå fem kommunar. Samla står det att 732 745 kroner til skjønsmessig vurdering med grunnlag i kriteria.

I denne oversikta har fylkesrådmannen gitt kommentarar til innstilling på tilrådd kvalitativ fordeling. Kommentaranane må sjåast som moment i ei heilskapleg vurdering opp i mot kriteria, søknadssum, samt tildelinga i 2016.

Samla tilråding er i heile tall, difor er summene i den kvalitative fordelinga annleis enn korleis ein elles ville ha presentert desse.

Oversyn over alle kommunane (alfabetisk rekkefølge):

Kommune	Kvalitativ fordeling	Grunngjeving
Askøy	20 042	Planlegg 40 arrangement, noko som er ei auke frå søknaden i fjor der 25 tiltak vart planlagt. Det er fagleg breidde i programinnhaldet og fleire ulike arenaer er planlagt å nytte til arrangementa. Kommunen har sett av 40 000 kroner i eigenfinansiering.
Austevoll	22 868	Planlegg 60 arrangement, noko som er ei auke frå søknaden i fjor då 38 arrangement vart planlagt. Det er fagleg breidde i programinnhaldet og ligg føre gode samarbeid lokalt. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga.
Austrheim	13 469	Planlegg 8 arrangement. Breitt kommunalt tverrfagleg samarbeid om organisering av ordninga. Jobbar med ei brei målgruppe blant dei eldre og har fagleg breidde i programinnhaldet.
Bergen	212 834	Planlegg 350 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunen er ambisiøs i forhold til utvikling av ordninga og har i fleire år finansiert ei eiga stilling til dette arbeidet. Kommunen arbeider kontinuerlig med utvikling av programmet og at ytterlegare fleire eldre skal få høve til å få nytta tilbodet. Eigenfinansieringa til kommunen er lik som i søknaden frå 2016, som er ei noko lågare eigenfinansiering samanlikna med søknaden frå 2015.
Bømlo	17 504	Planlegg 10 arrangement, som er ei auke frå søknaden i fjor då 5 arrangement vart planlagt. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Gode samarbeid med andre offentlege instansar. Kommunen har og sett av 100 000 kroner i eigenfinansiering.
Eidfjord	0	Planlegg 10 arrangement. Kommunen har søkt 30 000 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum
Etne	13 338	Planlegg 15 arrangement, noko som er ei nedgang frå søknaden i fjor då 35 arrangement vart planlagt. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet

		med ordninga. Gode samarbeid lokalt. Kommunen har sett av 105 000 kroner i eigenfinansiering
Fedje	0	Planlegg 4 arrangement. Kommunen har søkt 13 500 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum.
Fjell	29 309	Planlegg 52 arrangement, noko som er ei sterk auke frå søknaden i 2016 der 21 arrangement vart planlagt. God fagleg variasjon i programma. Kulturskolen koordinerer arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar. Kommunen har sett av 100 000 kroner i eigenfinansiering.
Kvam	69 137	Planlegg 45 arrangement, noko som er ei lita auke frå søknaden i 2016 der 40 arrangement vart planlagt. Høg kvalitet og fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med andre kommunar og organisasjonar. Det vert lagt stor vekt på nyskaping og utvikling av tilboda, gjerne i samarbeid med festivalar og kunstinstitusjonar/- organisasjonar.
Kvinnherad	29 097	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid lokalt. Planlegg 16 arrangement, noko som er ei liten auke frå søknaden i fjor (15 arrangement). Jobbar med å nå ut til eldre der dei bur gjennom «eldrekafé i bygdene». Arbeider også med å få etablere fleire samarbeidspartar for å nå fleire heimebuande. Kommunen har sett av 35 000 kroner i eigenfinansiering.
Lindås	30 598	Sjukeheimstenesta i kommunen har ansvar for koordinering av arbeidet. Planlegg 75 arrangement, som er ei auke frå søknaden ifjor der 60 arrangement vart planlagt. Samarbeider med andre kommunar og organisasjonar. Noko fagleg breidde i programinnhaldet, samt fokus på ei vidareutvikling.
Masfjorden	8 638	Kulturelt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med fleire organ i kommunen. Planlegg 12 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet.
Meland	8 284	Ei arbeidsgruppe som består av representantar frå Eldrerådet, Helselaget og Frivilligsentralen organiserer arbeidet med ordninga. Dei jobbar med å nå ei breiare gruppe og utvikle ordninga, og har m.a. samarbeid med DKS lokalt. Planlegg 8 arrangement, som er ei nedgang frå søknaden i 2016 der 15 arrangement vart planlagt. Noko fagleg breidde i programinnhaldet. Samarbeider med Lindås og Radøy kommune.
Modalen	0	Planlegg 3 arrangement. Kommunen har søkt 10 000 kroner og den kvantitative utrekninga går over dette. Ein søkjar kan ikkje motta meir enn oppgitt søknadssum og det vert difor ikkje kvalitativ fordeling til denne kommunen. Fylkesrådmannen tilrår at kommunen får tildelt omsøkt sum
Odda	35 336	Planlegg 15 arrangement, noko som er ei lita nedgang frå søknaden i fjor (20 arrangement). Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Har gode samarbeid med både offentleg og frivillig sektor, samt profesjonelle kulturorganisasjonar. Stor fagleg breidde i programinnhaldet
Os	64 040	Planlegg 45-50 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet. Kommunen har satsa mykje på kultur på eldre og har gjennom nokre år hatt ei kulturfagleg aktivitetskoordinator til dette arbeidet, som samarbeider breitt. Samarbeider med Fusa, Samnanger og Kvam. I tillegg har kommunen 100 000 kroner i eigenfinansiering
Osterøy	26 567	Arbeidet med ordninga vert administrert av Folkeakademiet Osterøy. Det er planlagt 40 arrangement, som er ei lita nedgang frå søknaden i fjor (43 arrangement). Noko fagleg breidde i programinnhaldet.
Radøy	12 563	Frivilligsentralen i kommunen koordinerer arbeidet. Gode samarbeid lokalt og samarbeider med Lindås kommune. Planlegg 53 arrangement, som er ei lita nedgang frå planlagde arrangement i søknaden frå i fjor (55 arrangement). Fagleg breidde i programinnhaldet.
Samnanger	15 788	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Godt samarbeid med kommunar (Fusa, Kvam og Os), kulturskulen, Eldrerådet, samt lag og organisasjonar. Planlegg 44 arrangement med fagleg breidde.

Stord	47 273	Planlegg 31 arrangement, som er ei auke på søknaden i fjor (25 arrangement). Fagleg breidde og høg kvalitet i programinnhaldet. Kommunalt kulturfagleg forankra med breitt samarbeid og eit eiga ansvarsgruppe for ordninga
Sund	15 108	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Planlegg 60 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet. Samarbeid med helse- og omsorgseininga i kommunen, Folkeakademiet, eldrerådet, samt frivillige lag og organisasjonar. I tillegg til den administrative ressursen har kommunen sett av 40 000 kroner i eigenfinansiering til føremålet.
Tysnes	6 697	Leiar ved Tysnes sjukeheim organiserer arbeidet med ordninga. Planlegg 8 arrangement. Lite fagleg breidde. Kommunen har sett av 15 000 kroner i eigenfinansiering.
Ullensvang	12 765	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeider med Odda kommune og har gode samarbeid lokalt, m.a. med eldrerådet, frivilligsentral og omsorgstenesta. Planlegg 23 arrangement med fagleg breidde i programinnhaldet. Jobbar med å vidareutvikle ordninga
Ulvik	5 285	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeid med eldreråd, pensjonistlag, sjukeheim og Haugesenteret. Planlegg 6 arrangement totalt.
Vaksdal	24 063	Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Planlegg 45 arrangement, som er ei auke samanlikna med førre søknad (40). Fagleg breidde i programinnhaldet. Samarbeider med Vaksdal eldreråd og institusjonar lokalt.
Voss	10 257	Eldrerådet og Helse- og omsorgsavdelinga organiserer arbeidet med ordninga. Kultureininga er ikkje inne i dette arbeidet. Planlegg 35-40 arrangement.
Øygarden	5 921	Planlegg 4 arrangement. Kommunalt kulturfagleg forankra ansvar i arbeidet med ordninga. Samarbeider med kommunane Sund og Fjell.
SUM	732 745	

Avvist

Søknad frå GOOD VIBES ENTERTAINMENT NORWAY DA er tilrådd avvist då søkjar ikkje er ein kommune.